

Julebrev 2019:

AUG:



Tidleg start etter sumarferien førte meg til Oslo der Petter Rukke, Solveig Vestenfor og meg sjølv hadde møte om nærpolitireforma med justisminister Jøran Kallmyhr. Det var eit godt møte der me fekk gitt ein del attendemeldingar på ting som ikkje fungerer og forventningar om at ting må takast fatt i, men diverre fekk me berre konstatert at vårt eige politidistrikt er spesielt utsett, mykje pga størrelsen. Me opplevde å bli høyrtd men sett i tida etterpå har det ikkje skjedd vesentlege endringar, anna enn at politimester Christine Fossen har gått av.



Ei av fleire opningar denna seinsumaren og hausten var Biltema på Storøyne. Ein flott, moderne og innhaldsrikt bygg som mange hallingar kom for å sjå og oppleve opningsdagen. Opninga markerte startskotet på investeringane me håpar å ha lagt til rette for der nede. Gratulere med mange nye arbeidsplassar!



Etter mange år og eit stort politisk ynskje vart Gol kommune endeleg sertifisert som trafikksikker kommune. Det betyr ikkje at me er 100 % trafikksikre, men at me jobbar med ulike tiltak for å bli så trafikksikker som mogleg – kontinuerleg. Me har ein flott trafikksikkerheitsplan som styrer vår innsats, men viktigast er innsatsen som gjerast i heile kommuneorganisasjonen i det daglege.

SEP:



Takka væra Malin Saue Johansen, ei golingsjente, som no jobbar i TV2 fekk eg moglegheiten til å gjeste God Morgon Norge og få prate litt om Gol og kommunevalet. For ein sjanse å få! Det var ein nervepirrande men utruleg flott oppleving! Både dei foran og bak kamera tok imot meg på ein god måte og gjorde meg sopass trygg som eg trur innslaget viste at eg var. Og i tillegg var det jo berre ein draum å få bli sminka og fiksa håret på!



Friluftslivets veke i september hadde også i år mykje å by på. Blant anna vart det ein triveleg tur opp Auenhaugen samt ein koseleg kveld på Renslotunet med Røde Kors og bålkos! Me skule gjedne sett at endå fleire benyttar seg av tilbudet!

Så var det Gol sin tur til å arrangere Frisklivsløpet og det gjekk av stabelen på og rundt Hallingmo. Det var godt oppmøte og ei flott løype som enda i eit triveleg målområdet der det var trekning av flotte premiar for store og små. Kult at heile Hallingdal arrangerar saman!

Utruleg stas var det og å få opne NM i Bridge der ein goling var førehandsfavoritt! Eit facinerande spel som utruleg mange over heile landet engasjera seg i. Flott å få væra vertskap for nok eit mesterskap – det er me gode på i Gol!

Frå bridge til betong – opning av Gol Betongpark samla masse flotte barn og ungdommar og nokre engasjerte foreldre og besteforeldre! Eit fantastisk initiativ frå Gol Ungdomsråd som ved hjelp av Sparebankstiftelsen, DNB og Gol kommune fekk til eit spleiselag der barn og unge i Gol får ein ny møteplass der ein kan drive med uorganisert aktivitet!

Ei verdig avslutning vart det også for vår fantastiske prest gjennom mange år- Jan Olav Skinnemoen. Etter ei flott gudsteneste i Gol kyrkja var Gol Bedehus fyllt til randen av menneskjer som ville væra med å setta pris på Jan Olav og hans tid i Gol som prest. Eg fekk den store æra å væra konfransier og leie heile seansen, og det vart både med latter og tårer. Så mykje takksamheit samla i eit rom!

OKT:



Som me var klar over kom rapporten til kraftskatteutvalet som er nedsett for å sjå på skattane som er knytt til vasskraftnæringa. Som frykta la rapporten til grunn ei radikal endring for dei ordningane som sikrar oss vertskommunar våre inntekter. For Gol kommune si del er det ei årleg inntekt på drøye 23 millionar. Utvalget sin rapport talar for å avvikle desse ordningane og heller legge inn kompensasjon for tapet av inntekter i ei av dei andre ordningane som er lik for alle landets kommunar. Altså våres

kompensasjonsordningar vil då kompensere alle kommunar – heilt uavhengig av om du er kraftkommune eller ikkje, heilt uavhengig av om di kommune sitt vatn blir brukt til å produsere strøm og slik påverkar lokalbefolkningas moglegheiter for fiske og bading samt forstyrrar dei naturlege miljøa i vatna eller ikkje. Det opplever me som er kraftkommunar også kalla vertskommunar som urettferdig. Me har gitt frå oss ein ressurs til gode for reisten av samfunnet, den ressursen skal me kompensereast for. No jobbast det iherdig for å få alle politiske parti til å forkaste heile rapporten, og så langt er opposisjonspartia og nokre av regjeringspartia positive til det – men me har ingen garantiar før statsministeren erklærer denne rapporten for ubrukeleg. Me jobbar vidare og høyringa er sett til 1 januar.

Endå ei opning når Shell stasjonen langs RV7 hadde nyopning etter ein omfattande men rask rehabilitering. Ein splunkande ny Shell-stasjon på Gol sørgjer for at fleire stoppar her og kanskje tek turen innom sentrum også☺ Flott å sjå at næringslivet satsar!

Det årlege hyttemøtet gjekk av stabelen som tidlegare midt mellom haustferievekene til aust og vest! Noko labert oppmøte men gode diskusjonar og mange attendemeldingar vart det. Hugs at alle oppsummeringane og presentasjonar frå hyttemøtene kan du finne på kommunas heimesider. Årets gladnyheit til hyttegologing var fjorårets budsjettvedtak som sikra ei betydeleg auke i løypebidrag!

Litt før på året fekk me vite at Gol kommune var plukka ut til å gjennomføre ein pilot for ei ny kollektivordning for distrikta saman med Hol kommune. Det var fylkeskommunen som hadde plukka oss ut og dei hadde bevillga pengar for gjennomføring av piloten. Diverre var bevillgninga kun nok til å dekkje 1/3 del av piloten og reisten vart det sagt skulle koma frå kommunane og lokalt næringsliv. Kommunedirektøren og meg sjølv reiste på eit oppstartsmøte for å høyre meir om ordninga. I tillegg fekk me vite at piloten for kollektivordninga for byar som var sett i gang i Kongsberg var fullfinansiert. Dette gjorde til at me tok kontakt att med fylkeskommunen for å høyre om ikkje distrikta og burde bli fullfinansiert. I skrivande stund har det kome ytterlegare 300 000,- til piloten og me prøver å desse dagar å få til ei endeleg løysing.



Eit flott initiativ – denne gongen frå idretten. Opning av den nye kunstgrasbana på gamle grusbana var eit flott eksempel på korleis investeringsvilja i Gol aukar. Me har tru på bygde vår. No er Hallingmo-området eit særleg godt utgangspunkt for turneringar og cupar med gå-avstand mellom to kunstgrasbanar. Dette vil bli attraktivt for mange lag som vil møtast på midten mellom aust og vest. Men viktigast – tilbodet til dei lokale barna og ungdommen får eit

kjempeløft!

Nasjonalforeininga for folkehelse hadde si årskonferanse på Storefjell i år og eg vart invitert til å opne. Det set eg faktisk stor pris på, for det arbeidet som blir lagt ned frå denne foreininga er med på å påverke eldre over heile landet. I tillegg er deira kunnskap viktig sett i kommunal samanheng – det er jo i lag me skal løyse dei store utfordringane men og finne dei store moglegheitene i folkehelsa!



Eg har ikkje skrive så mykje om valet, og det er mykje e kunne ha sagt, men det viktigaste er kanskje dette: Golingane gjorde eit godt val denne hausten for no sit me med eit utruleg engasjerande, nysgjerrig, ivrig og flott kommunestyret. Uavhengig av partifarge har det kome inn gode kandidatar som alle har ein genuin lyst til å gjera Gol endå betre! I oktober var det tid for å halde folkevaltopplæring og den hadde me på Kamben. Det å samlast å bli betre kjent er like viktig som den informasjonen som gitt på opplæringa. For det er faktisk i

lag – som eitt kommunestyret – at me klarar å løyse felles utfordringar og utforske felles moglegheiter for den bygda me alle er så glade i. Flotte folk – eg har stor tru på at detta blir ei god politisk periode!

For fyrste gong i mi tid som ordførar delte eg ut pengestøtte. Den gikk til miljøet på Hugnadheim og begrunninga var den innsatsen som er lagt ned for å gje elevar og brukarar frå Gol eit godt tilbod innan folkemusikk og dans. 10 000,- kroner vart delt ut under Storhelg på Ål der Hugnadheim v Martin Myhr er primus motor.

Ein pust i bakken for «Småjobben» fekk eg og væra med på. Ein kveld der evaluering av aktivitet vart gjort. Eit godt møte med mange viktige erfaringar, og ikkje minst, attendeblick på mange viktige oppdrag som har vorte løyst. Potensialet er større, men det trengs å gjerast ein jobb med rekruttering til småjobbar. Saman skal me spreie ordet, både om sjølve tenesta men og om utførardelen av tenesta.

NOV:



Etter valet er det nye kostar og derfor konstituerte også vårt nye Hallingting seg på Vestlia Resort på Geilo i november. Nye fjes men og kjente fjes dukka opp og saman er me klare til å legge ein ny plan for Hallingdal og gjera vårt til å bidra til vår felles merkevare samt bu og arbeidsmarknad. Eit kort besøk frå fylkesmannen var og godt å ha, all den tid at ho kanskje blir litt sjeldnare å sjå med sitt store nye embete.

Gol Frivilligsentral er ein viktig koordinator for både det frivillige lag og organisasjonslivet men Gol Frivilligsentral set og i gang mange viktige tiltak gjennom året. Difoor har eg bedt fint om å få lov til å møte på deira styremøter for å følgje betre opp kva dei driv med og kanskje klarar me å finne felles prosjekt å jobbe med. Takk for at de let meg koma inn i styret!



Som ein del av Landstyret KS i perioda 2015-2019 var eg på mitt siste møte i november. Eg vart til og med utfordra til å halde innlegg som eit innspel til stortingsrepresentant frå Høgre som var der for å snakke om den nye distriktsmeldinga. Eg takka sjølvsagt ja og fekk inn både nokre utfordringar, men mest moglegheiter me har her i Hallingdal.

Litt tidleg, men jammen gjorde snøen det heilt naturleg – julegateopning på Gol! Yrande liv både i sentrumsgata og på julemarkedet oppe på samfunnshuset. Kanefart og fakkeltog – alt stemte på Gol! Med flott oppslutning rundt treet og fin song til nissen vart det mange som fekk ein gødtepose☺

Tradisjonen tru heldt Hallingdal Fotballklubb sitt sponsormøte på ECO, og Gol som vertskapskommune møtte sjølvsagt opp. Spennande tankar og ynskjer om ein innandørs treningshall på Gol for fotball, perfekt plassert mellom aust og vest. Prosjektet er framleis i oppstartsfasa så dette blir nok meir diskutert framover.



Som så mange andre organisasjonar hadde KS Viken sine fyrste dagar på Fornebu. Med to utsendingar og kommunedirektørane på plass per kommune fekk me ei flott konferanse der Hallingdal vart nemnt – fleire gonger enn 1☺ Endå ei gong hadde eg vore heldig å blitt utfordra på å fortelje om kva me gjer i Hallingdal, og det kom mange gode attendemeldingar både frå Akershus og

Østfold på innlegget!

Min tur å få vera med på Hallingdal Ungdomsråd sitt møte i november og her diskutera ein også ein del Viken og korleis ungdomsråda skal organisere samt få moglegheiten til å påverke det store fylket vårt. Eg blir alltid imponert og veldig glad når eg får vera med på desse møtene, for dette er verkeleg ungdommar som er engasjerte! Stå på!

DES:

Juleavslutninga til Gol Ungdomsråd er alltid like trivelig sjølv om me hadde litt å koma med, uss politikarar i siste møte. Det gjaldt både budsjettet men og framtidig løysing for renovasjonsselskapet vårt. Dette er ungdommen særleg interessert i. Og til slutt – pakkeleiken der alle kom seirande ut!

Representantskapsmøte i Hallingdal Renovasjon enda med at eg vart leiar for representantskapet. Det blir ein sær s spennande jobb, all den tid at detta selskapet er ein del av ei bransje som stadig er i utvikling, med positivt fortegn men med fordyrande driftsutgifter med tanke på auka krav og føringar. Det blir nok mange diskusjonar framover om korleis me rigga uss til eit stadig meir miljøvenleg og klimafokusert samfunn.



Endeleg kom tida for å åpne utlånsentralen BUA Gol☺ Dette har me jobba lenge med, og eg har verkeleg trua på at detta er eit viktig tiltak, både for å få fleire i aktivitet OG for å spare miljøet for forbrukarpresset. Sjekk ut utvalet ein kan velje i når ein lånar og prøv ordninga – det er jo heilt gratis!!!! Gå inn på bua.io og sett i gang!

Budsjettet 2020 vart ein ny og god oppleving. Eg trur me brukte om lag ein og ein halv time på sjølve saka, men der me tidleg flagga alternative forslag. Difor vart det gode gruppemøter og tydelege røystingar som gjorde til at det var lett for både dei i salen men og dei på radio og fylgje med på kva politikaranes vilje i Gol var med budsjettet. Eg må få rose dei nyaste politikarane våre som alle deltek sær aktiv, allereie no, og allereie i vanskelege sakar. Detta vitnar om eit kommunestyret som både er ivrige, frampå men og løysningsorienterte! Eg gler meg allereie til 2020!





Årets siste Vannhull på Solstad var utruleg godt besøkt, kanskje fyrst og fremst fordi ein endeleg skulle få sjå fruktene av arbeidet med å styrke verkemiddelapparatet i Hallingdal. Hallingdal Expo (tidlegare næringsforeining for verksemder i Hallingdal) og Hallingdal Næringshage har slått sine krefter i saman og styrka næringshagen. No er det ikkje lenger berre 1 person som jobbar ut mot næringslivet men heile 5 stk! Sjå nøye på bilde – framoverlente og nysgjerrige folk som berre vil det beste, og som vil at Hallingdal skal vekse! Eg håpar det private næringslivet i

Gol kastar seg på, tek ein tur innom næringshagen og helsar på desse flotte folka og finn ut korleis nettopp deira verksemnd kan effektiviserast og utviklast – vekst er målet!

No gler eg meg til årets siste oppdrag – nemleg å feire Klubb 1. Fredag 20.12.19 skal eg saman med ungdommane ved Klubb 1 feire ein gamal klubb MEN som har tålt tidens tann OG klart å fornye seg samt å framleis vera aktuell - DET er prisverdig! Eg håpar at fleire av politikarane møter! Me heiar framleis på klubben i hvertfall 40 år til!

Då gjenstår det berre for meg å ynskje alle ei god jul og eit godt nytt år når me kjem så langt! Det er verkeleg stas å få lov til å vera med å forme Gol, ei så fantastisk bygd, med så mange fantastiske moglegheiter! Tusen takk for at eg får lov til å vera med på det, det er eg utruleg takksam for!

God jul!

